



SAKSHANDSAMAR  
Anke Loska  
Lars Erik Eibak Bru

VÅR REF.  
21/03175-11

DYKKAR REF.

VÅR DATO  
01.06.2026

DYKKAR DATO

postmottak@ra.no  
www.riksantikvaren.no

Adresseinformasjon fylles inn ved ekspedering. Se mottakerliste nedenfor.

## LACX D/S "Bjoren" - Vedtak om fredinga



D/S "Bjoren" Foto: Jarle Larsen, 22.05.2026

Vi syner til framlegg til freding av LACX D/S "Bjoren", datert 10.01.2025 som har vore på høyring hjå involverte partar og instansar. På grunnlag av dette gjer Riksantikvaren følgjande vedtak:

## **Vedtak**

Riksantikvaren fredar LACX D/S "Bjoren". Fredinga blir gjord med heimel i lov 9. juni 1978 nr. 50 om kulturminner (kulturminnelova) § 14a.

### **Føremålet med fredinga**

Føremålet med fredinga er å ta vare på "Bjoren" sine kultur- og kjeldehistoriske verdiar knytt til samferdslehistoria generelt, og i Setesdalen spesielt.

Fartøyet representerer ei teknisk historisk utvikling i samfunnet, samstundes som ho og formidlar ei viktig maritim innlandshistorie kvar sommar som kulturhistorisk båtrute på Byglandsfjord. "Bjoren" er en god representant for fartøy som gjekk i passasjertrafikk på innsjøar, elvar, kanalar og liknande her i landet.

Føremålet med fredinga er å bevare "Bjoren" slik ho ser ut i dag som er tilsvarande utsjånad etter ombygginga i 1914.

### **Omfanget av fredinga**

Fredinga omfattar heile fartøyet LACX D/S "Bjoren", Kulturminne ID 232089, med fast inventar og fastmontert utstyr slik dette framkjem i skildringar og på foto i vedlagte fredingsdokumentasjon.

### **Føresegner i kulturminnelova som gjeld for det freda fartøyet**

Fredingsføresegna gjeld det freda fartøyet fast inventar, og fastmontert utstyr slik dette er skildra i fredingsomfanget, sjå avsnitt ovanfor. I tillegg til fredingsføresegnene under gjeld kulturminnelova §§ 15 a. §§ 16, 17 og 18 gjeld så langt det passer. I tillegg gjeld "Forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven".

1. Fartøyet sitt eksteriør, konstruksjon, arrangement eller fast inventar skal ikkje endrast.
2. Utsifting av material, endring av overflater eller anna arbeid ut over vanleg vedlikehald er ikkje tillate. Opphavlege fargar skal bevarast.
3. Alt vedlikehald og istandsetjing skal skje i samsvar med føremålet med fredinga. Dette medfører og bruk av tradisjonelle material og metodar.
4. Fredinga skal ikkje vera til hinder for vidare drift av fartøyet.
5. Eventuelle pålegg frå Sjøfartsdirektoratet, Mattilsynet eller andre offentlege instansar som medfører endringar av det freda fartøyet skal ikkje gjennomførast med mindre tiltaket er godkjend av fylkeskommunen.

## **Dispensasjon frå fredinga**

Når det gjeld handsaming av freda båtar viser vi til kulturminnelova §§ 14a, 15a, 16, 17 og 18, samt til fredingsføresegnene over.

Fredinga medfører at det må søkjast om dispensasjon til å setje i gong alle former for tiltak som ikkje er normalt vedlikehald, jf. kulturminnelova § 14a tredje ledd og § 15a. Fylkeskommunen kan i særskilde høve gje dispensasjon frå fredinga og fredingsføresegnene for tiltak som ikkje medfører vesentlege inngrep i det freda kulturminnet. Oppstår det tvil om kva som kan reknast som vanleg vedlikehald skal fylkeskommunen likeins kontaktast.

Eigar har ansvar for det vanlege vedlikehaldet av det freda skipet.

### Tiltak som kan gjennomførast utan dispensasjon frå fredinga

Vanleg vedlikehald kan gjennomførast utan dispensasjon frå fredinga. Med vanleg vedlikehald er det meint enklare rutinemessig arbeid som bidreg til å halda oppe tilstanden til fartøyet, til dømes overflatebehandling og reparasjon i samsvar med opphavlege materiale, metodar, utføring eller eksisterande teknikk. Under dette fell også utskifting av delar som er nødvendig til å halda oppe at fartøyet framleis kan segla.

Meir informasjon om dispensasjon, vedlikehald og skjøtsel finst i Riksantikvarens retningslinjer for dispensasjonsbehandling [Dispensasjon frå freding av fartøy - Riksantikvaren](#).

## **Grunngjeving for vedtaket**

Fredinga av D/S "Bjoren" vert grunngjeve med at fartøyet representerer ein av de siste gjenverande vedfyrte flytande dampbåt som representerer den tidlege trafikken på vassvegane i innlandet. Fartøyet vitnar og om ei utvikling som var gjengs for trafikken på mange vatn, der dampbåtane med tida vart ombygde for å tilpassa seg ny bruk og funksjon, og som var i bruk like lenge som rutene vart oppretthaldne.

Trafikken med dampbåt på innlandet fekk ei viktig innverknad på samferdsla, dagleglivet og næringslivet i dei sørlege delane av landet. I åra som følgde fekk dei fleste større innsjøane og seglbare elvane i Sør-Noreg ei fast båtrute. Om lag samstundes med utviklinga av dampskipstrafikk på vatn og vassdrag, vart dei tidlege strekningane med jernbane i Noreg bygd ut. Den parallelle utbygginga på land og vatn gjorde det mogleg å reise over store avstandar med dei mest moderne kommunikasjonsmidlar, og båtane fylte raskt si rolle som eit bindeledd mellom kysten og innlandet.

Trass nokre opphald i driftshistorikken som rutebåt er "Bjoren" det eldste passasjerfartøyet med ubrotten proveniens ved Byglandsfjorden frå 1867 til i dag. I 2004 vart "Bjoren" tildelt status som verna skip, og i 2013 fekk ho delt ut Olavsrosen frå Norsk Kulturarv.

Fredinga av "Bjoren" representerer ei teknisk historisk utvikling i samfunnet, samtidig som ho framleis formidlar ei viktig maritim innlandshistorie kvar sommar som kulturhistorisk båttrute på Byglandsfjord.

Saman med dei andre freda fartøya på innlandet, "Skibladner" på Mjøsa, "Storegut" og "Ammonia" på Tinnsjøen, og "Turisten" på Haldenkanalen, bidrar D/S "Bjoren" til eit meir heilskapleg bilete av båtferdselen på ferskvatn i Noreg i en tidsperiode frå 1856 til 1957 der det ha skjedd store strukturelle endringar innan samferdsel og næringsliv.

### **Beskrivelse**

D/S "Bjoren" vart levert frå Akers Mekaniske Verksted til Oplandske Dampskibsselskapet, seinare Dampskibsaktieselskapet Bjoren og Dølen, i 1867 for passasjertrafikk på Kilefjorden. Slik vart det klart for rutetraffikk i korrespondanse mellom dei to båtane fram til 1930, og deretter i vanleg rutetraffikk fram til 1957.

D/S "Bjoren" er ein vedfyrt dampbåt av type slettdekker, bygd som passasjerbåt ved Akers mekaniske verkstad i 1867. Skroget er symmetrisk utforma og er av klinka stål. "Bjoren" hadde et søsterskip "Dølen", som ble bygget samtidig, men vart i 1975 sendt til opphogging. Båtane vart leverte som byggjesett, dvs. at fartøya vart klinka saman på staden.

"Bjoren" var opphavleg 52 fot lang og hadde ei dampmaskin fyrt på ved på 14 hk. Teikninga frå Akers Mekaniske verkstad er teke vare på, og viser fartøyet med eit dekk, halvdekk akter og forut, eit enkelt soltak akter, plass for kapteinen i front mot maskin- og fyrrom, og med ein innreia lugar i forpeaken. Likevel kan ein ikkje vært sikker på om fartøyet vart bygd nett slik teikningane syner.

Fartøyet gjennomgjekk få endringar dei fyrste åra i drift. I 1887 fekk fartøyet oppført eit styrhus midtskips like over fyrrommet, som erstatta dei to glasruter framfor som vernet for kapteinen. Dampkjelen vart skifta i 1882 og på nytt i 1904, og i 1890 fekk fartøyet montert toalett. Ifølgje foto kan det sjå ut som om dei vart monterte forut på styrbord side, nett slik det er i dag.

Utover 1900-talet ynskte Dampskibsaktieselskapet Bjoren og Dølen seg eit nytt og større fartøy som kunne gå på fjorden, og då det utvida sluseanlegget sto klart i 1912 låg tilhøva til rette. Det vart aldri noko nytt og større dampskip på Byglandsfjorden. Derimot satsa selskapet på "Bjoren", og i 1914 vart dampskipet omfattande modernisert hjå Kristiansand Mekaniske Verkstad.

"Bjoren" var no 6 fot lengre, med nedfellbar skorstein, nytt overbygg og innreia med ein salong akter. Fartøyet sto fram som eit heilt anna enn det som gjekk på Kilefjorden, og var heilt på grensa av det som kunne passere gjennom Storstraum sluse.

"Bjoren" gjekk i trafikk på Byglandsfjorden fram til 1930 då selskapet vart avvikla. Ho held deretter fram med rutefarten til 1957 under nytt eigar, og gjekk i opplag ved 1960-talet.

Når Bygland kommune overtok eigarskap i 1978 starta arbeid med å redde fartøyet. Først i 1991 kom eit økonomisk klarsignal til restaurering, og "Bjoren" gjennomgjekk ei gjennomgripande restaurering etter antikvariske retningsliner. Både eksteriør og interiør vart sett tilbake til slik ein hadde kunnskap om at det var etter den store ombygginga i 1914. Under restaureringa vart den opphavlege skipsklokka, saman med ankerspelet og ankeret frå "Bjoren" funne att. I tillegg hadde ein salongbordet og maskintelegrafen frå "Dølen", og desse vart nytta om bord i "Bjoren".

For nærare beskriving av kulturminnet, sjå vedlagde dokumentasjonsvedlegg.

### **Tilstand**

"Bjoren" er godt bevart, og lite endra i utsjånad etter ombygginga i 1914. Tilstanden vurderast som godt, men med behov for vanlig vedlikehald slik at båten kan halda fram med å segla.

I samband med 5 års klassing våren 2024 vart det bytt propellhylse pga for mykje klaring.

Det er kjent at eit spant og ei plate føre i baugen er noko tynnare enn andre, og det må følgjast med på. Vidare har eigarar fått pålegg av kjelekontrollør å byta kjelerøyr. Dette må vera gjennomført før neste klassing i 2029. I denne samanhengen må styrhuset løftast av for å få ut kjele. På styrhuset må bytast ut noko treverk, så dette blir teke samtidig. Når kjelen er ute, blir det god moglegheit for å sjå tilstanden på skroget under der ein elles ikkje kan sjå.

### **Registreringstilhøve**

Namn:	Bjoren
Kjenningsignal:	LACX
Register:	Norsk Ordinært Skipsregister (NOR), Oslo
Byggjeår:	1867
Byggjeverft:	Akers Mekaniske Verksted
Byggjenummer:	35
Opphavleg eigar:	Det Oplandske Dampskibsselskap, senere Dampskibsaktieselskapet Bjoren og Dølen
Noverande eigar:	Bygland kommune

### **Riksantikvarens mynde**

Myndet til å gjere vedtak om freding etter kulturminnelova § 14a er lagt til Riksantikvaren jf. forskrift om fastsetting av myndighet mv. etter kulturminneloven § 2 (4).

## Forhold til anna lovverk

Det er særskilde vilkår og unntaksreglar for fartøy som er freda og verna i delar av regelverket underlagt Sjøfartsdirektoratet. Sjøfartsdirektoratet har ein forskrift med spesielle reglar for verna og freda fartøy FOR-2014-06 17-768 "Forskrift om særlege regler for skip som er verna eller freda og fører flere enn 12 passasjerer".

## Praktisk informasjon

### Kontaktinformasjon

Det er Agder fylkeskommune som har ansvaret for forvaltninga av freda fartøy. Fylkeskommunen svarer også på spørsmål om fredinga og behandlar søknader om dispensasjonar og tilskot.

### Ansvar for vedlikehald

Eigar har ansvar for det vanlege vedlikehaldet av det freda skipet.

### Økonomiske tilskott

Det er høve til å søkja Agder fylkeskommune om tilskot frå statsbudsjettet kapittel 1429, post 74, fartøyvern. Det kan søkjast tilskot til sikring, vedlikehald og istandsetjing og restaurering av freda og verna fartøy. Forskrifta for tilskotsposten gir nærare føringar for kven som kan få tilskot, kva det kan givast tilskot til, og kor mykje. Den gir også krav til søknad og rapportering [Forskrift om tilskudd til fartøyvern - Lovdata](#).

Meir informasjon om tilskot finst på [Riksantikvarens nettsider](#) eller ved å kontakte Agder fylkeskommune.

### Bakgrunn for fredingssaka

Mellom 2010 -2013 utarbeida Riksantikvaren ei oversikt over fartøy i passasjerskipsflåten som representerte ulike periodar, bruksmåtar og typar. Gjennom dette arbeidet vart D/S "Bjoren" vurdert til å ha kvalitetar i fredingsklasse.

Fredingsarbeidet stansa opp, men i 2020 var "Bjoren" igjen vurdert for freding, etter oppdaterte kriteriar som kulturhistorisk verdi, engasjement, tilstand og kjelde til kunnskap og oppleving.

Historia til "Bjoren" er eit levande døme for utviklinga av båttrafikk på elvar, kanalar og innsjøar frå midten av 1850-talet, og vitnar om eit stort engasjement til å redde båten av å bli tapte. Dermed støtter fredinga av "Bjoren" opp under de nasjonale kulturmiljømåla *"Alle skal ha høve til å engasjera seg og ta ansvar for kulturmiljø"* og *"Eit mangfald av kulturmiljø skal takast vare på som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk"* ihht. til Meld.St.16, Nye mål i kulturmiljøpolitikken.

Fredinga er og i samsvar med Regionplan Agder 2030s hovudmål 5. Kultur gir deltaking i kulturlivet arenaer for samhald og fellesskapskjensle, og kan gi rom for å oppleva

meistring, inkludering og tryggleik. I kulturarven finn me identitet og tilhøyrse gjennom å sjå oss sjølv i ein større samanheng. Det bidreg til betre trivsel og livskvalitet, som er viktig for berekraftige byar og lokalsamfunn og den sosiale berekrafta. Samtidig gjer det regionen attraktiv for tilflyttarar og besøkjande.

## **Oversyn over sakshandsaminga fram til freding**

### **Kontakt med eigar i fredingssaka**

Bygland kommune som eigar av "Bjoren" var initiativtakar til å ta opp att fredingsprosessen. Det har heile vegen vore god dialog og samarbeid mellom eigar og Agder fylkeskommune.

### **Melding om oppstart av fredingssak**

Varsel om oppstart av freding ble sendt alle parter 19.09.2013. Grunna lang behandlingstid hjå Riksantikvaren blei det sendt ut nytt melding om oppstart av freding 02.04.2023.

Det er mottatt 3 høyringssvar til melding av 02.04.2023 frå Samferdselsdepartementet og frå en privatperson med interesse for fartøyet.

Samferdselsdepartementet hadde ingen merknader. Carl Fredrik Thorsager hadde nyttige og gode faglege innspel, som vart tekne med i den vidare sakshandsaminga.

### **Framlegg om freding på offentleg ettersyn**

Agder fylkeskommune utforma deretter eit framlegg om freding på bakgrunn av melding om oppstart og dei innkomne merknadene. Samtidig blei det kunngjort i avisene Setesdølen, Fædrelandsvennen og Agderposten, og Norsk lysingsblad at framlegg om freding var lagt ut til offentleg ettersyn i Bygland kommune, Agder fylkeskommune. Melding vart, i samsvar med forvaltingslova § 16, sendt eigar og alle i kopilista i brev av 10.01.2025. Det blei gjeve ein frist til 22.02.2025 til å komme med merknader.

### **Merknader med kommentarar frå fylkeskommunen**

Det kom inn eit innspel frå Carl Fredrik Thorsager i samband med høyringa. Innspela bestod i hovudsak av retting av formalia og skrivefeil i fredingsdokumentasjonen. Fylkeskommunen tek desse til etterretning, og feila er retta i oversendinga til Riksantikvaren.

Fredingsforslaget vart behandla i hovudutvalet frå fylkeskommunen for næring, kultur og miljø den 22.05.2025, sak 40/25, med følgjande forslag til vedtak:

"Hovudutval for næring, kultur og miljø sluttar seg til fredingsforslaget og vedtek å senda over forslag om freding av D/S Bjoren LACX til Riksantikvaren for endeleg vedtak."

## **Riksantikvaren si handsaming av fredingssaka**

Framlegg om freding blei oversendt frå Agder fylkeskommune til Riksantikvaren 11.06.2025.

Riksantikvaren har ved behandlinga av saka vore i dialog med Agder fylkeskommune, og fått av eigar av "Bjoren" stadfesta den positive innstillinga si til fredinga.

I samarbeid med Agder fylkeskommune har vi gjennomført nokre presiseringar av beskrivingar og omgrep i fredingsdokumentasjonen, og dessutan oppdatert fotodokumentasjon med nyaste bilete på fredingstidspunktet.

Riksantikvaren har også i utarbeidinga av vedtak om freding gjort nokre strukturelle og språklege endringar i fredingsvedtaket. Riksantikvaren har gjort forvaltninga av fartøyet i hht 1914-versjonen (etter forlenginga) tydeleg i fredingsformålet.

## **Det kan klagast på vedtaket**

Det kan klagast på vedtaket om freding innan tre veker frå mottakinga, jf. Forvaltingslova §§ 28 og 29. Klagen skal stilast til Klima- og miljødepartementet, men sendast til Riksantikvaren. Dersom Riksantikvaren ikkje finn grunn til å gjere om vedtaket, vert saka sendt vidare til endeleg avgjersle hjå Klima og miljødepartementet.

## **Tinglysing**

Fredingsvedtaket vil bli avmerkt av Riksantikvaren i Norsk Ordinært Skipsregister. Dette samsvarer med tinglysing i Kartverket.

Helsing

Marianne Louise Nielsen  
avdelingsdirektør

Hanna Geiran  
riksantikvar

## **Brevet er elektronisk godkjend**

Vedlegg:

Fredningsdokumentasjon Bjoren - mai 2026\_Agder fylkeskommune  
Veileder-til-eiere-av-verna-og-freda-fartoy

Mottakarar:

Bygland kommune

Kopi til:

Norsk Forening for Fartøyvern

Sjøfartsdirektoratet

Forbundet Kysten

Fortidsminneforeningen - Aust-Agder lokallag

Setesdalsmuseet

Klima- og miljødepartementet

Sjøfartsdirektoratet - Avd. Skipsregistrene NIS/NOR

Agder fylkeskommune

Aust-Agder museum og arkiv IKS

Fortidsminneforeningen - Adveling Agder